



Karen-Ann Ervik
Hellandsvegen 78
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/299 - 14/10694

Saksbehandlar:
Helge Vallestad
helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:
01.10.2014

Gjeld søknad om fri skuleskyss

Viser til søknaden Dykkar om at Vilde Ervik Vangen, f. 12.11.04, får fri skyss frå heimen på Tveiten til Manger skule, grunna særleg farleg skuleveg.

Hovudutval for oppvekst og omsorg handsama i sak 09/00 spørsmålet om rett til fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg, og slutta seg til innstillinga frå ei nemnd som hadde vurdert skulevegane i dei ulike krunsane i lys av opplæringslova § 7. Tilrådinga vart seinare vedteken av kommunestyret. Nemnda si vurdering var at den omtalte vegstrekninga ikkje var særleg farleg. I forkant av denne avgjerda hadde fylkesmannen avvist ein klage frå føresette på Tveiten i sak om fri skuleskyss.

I år har fylkesmannen gjeve ein elev frå Dalland rett til fri skyss grunna særleg farleg skuleveg. Rådmannen oppfatta at eit vesentleg moment i avgjerda var eleven sin alder (f. 2007). Av omsyn til lik handsaming innvilga såleis rådmannen fri skuleskyss for ein annan elev, f. 2006. Rådmannen si avgjersle grunnar seg på at barn si trafikkforståing utviklar seg med alder. Radøy kommune vil såleis i framtida gje sju og åtteåringar fri skyss grunna særleg farleg skuleveg på strekket Dalland/Tveiten – Manger skule.

Ettersom Vilde er å rekna som tiåring, fører desse vurderingane til følgjande

Vedtak:

Søknaden om at Vilde Ervik Vangen, f. 12.11.04, får fri skyss frå heimen på Tveiten til Manger skule grunna særleg farleg skuleveg, vert ikkje innvilga.

Ankerett:

Enkeltvedtak om skuleskyss kan påklagast til Fylkesmannen (Opplæringslova, §15.2). Eventuell klage må sendast Radøy kommune v/ Rådgjevar skule og oppvekst Helge Vallestad innan 3 veker frå De får dette brevet. (Fristen er i samsvar med Forvaltningslova. § 29)

Med helsing

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Karen-Ann Ervik

Hellandsvegen 78 5936

MANGER